

NORGES  
IDRETTSFORBUND



---

Anleggskurs  
Organisasjonskurs

---

## Anlegg generelt for idrettslag

### Del 1

- Spelemidlar og mva kompensasjon
- Før ein set spaden i jorda

### Del 2

- [www.godeidrettsanlegg.no](http://www.godeidrettsanlegg.no)

### Del 3

- Spelemiddelordninga

Frittstående kurs

## Anlegg generelt for idrettslag

### Del 1

- Spelemedlar
- Mva kompensasjon

# Anleggstypar

Ordinære anlegg:

- Idrettsanlegg for organisert og eigenorganisert idrett
- Tilskot til rehabilitering/ombygging av anlegg inkl til univ. utforming
- Mange typar anlegg som gjev spelemidlar og momskompensasjon.
- Minimum kostnad kr 150.000
- Større interkommunale anlegg- 30% tillegg
- Endringar skjer kvart år- ny versjon publisert i juni kvart år
- Sjekk alltid siste utgåve!

For detaljar sjå: [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)



Spelemidlar dekkar 1/3 av totalkostnad inkl.mva + dugnad.  
For fleire anleggstypar er det eit maksbeløp i spelemidlar

# Anleggstypar

## Nærmiljøanlegg:

- Idrett- og aktivitetsanlegg for **eigenorganisert** aktivitet utandørs
- Må ligge i tilknytning til bu og opphaldsområde
- Primært for barn og unge, men også lokalbefolking ellers
- 50% i spilemidlar
- Minste kostnad kr 50.000 - maks kr 600.000 (maks 300.000 tilskot)
- Skjer endringar kvart år, sjekk alltid siste utgåve
- For detaljar sjå: [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)



Spillemidler dekkar 50 % av totalkostnad inkl.mva + dugnad.  
For fleire anlegg er det et maksbeløp i spilemidlar

# Anleggstypar

Eksempel på nærmiljøanlegg.

Se [www.godeidrettsanlegg.no](http://www.godeidrettsanlegg.no) for detaljar

- Nærmiljøanlegg
  - Basketbane (10)
  - Flerbruksområde (10)
  - Sandvolleyballbane (10)
  - Streetbasket (9)
  - Petanquebane (6)
  - Parkouranlegg (6)
  - Ballbinge (6)
  - Bordtennisbord (utendørs)  
(5)
  - Bocciabane (3)
  - Hinderløype (3)
  - Balløkke (3)
  - Trimpark (5)
  - Friluftsanlegg (5)
  - Skateboardanlegg (4)
  - Sandbaner (3)
  - Disksport (1)

# Anleggstypar

## Interkommunale anlegg:

- 30% ekstra spelemidlar til kostandskrevande anlegg
- Bindande avtale mellom to eller fleire kommunar
- Krav om 5% i investeringstilskot frå medkommunar
- Krav om å dekke 5% driftskostnader i 20 år, **eller** garanti for evt 5% dekking av evt årlege driftsunderskot i 20 år for medkommunar
- For detaljar sjå: [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)



# Kven kan søkje spelemidlar?

- Kommunar, fylkeskommunar inkl foretak der desse er med
- Ulike frivillege organisasjonar inkl Norges idrettsforbund sine idrettslag
- Aksjeselskap, samvirkeforetak, stiftelsar av søkeradsberettiga org
- Nærmiljøanlegg: + burettslag, velforeningar etc.

**For A/S og stiftelsar etc. er det krav om at søkeradsberettiga organisasjon må eige meir enn 50%**

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?

- **Behovsvurdering for nytt anlegg**
  - Nytt anlegg gjev ikkje alltid fleire aktive- beregn realistisk
  - Å leige er ofte betre og billegare enn å eige
  - Vurder sambruk med fleire idrettslag
  - Kva planar har kommunen
  - Bygg anlegg som idretten har råd å bruke
- **Tillatelse frå kommune**
  - Må følgje kommunal byggjesaksbehandling
  - Er anlegget søknadspliktig ? Avklarast med kommunen
    - Varierer frå kommune til kommune.

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



- **Berekn driftskostnader for anlegget.**
  - Husk å ta med finanskostnader og gjenskaffelse.
    - Eks: Skifte av kunstgras etter 10/12 år må takast med.
  - Viktig å legge til rette for god drift og låge driftskostnader.
  - Berekn realistisk, bygg anlegg idretten har råd til å bruke
- **Klarer ein ikkje å drifte anlegget, må spelemidlar betalast tilbake.**
  - 100% dei første 10 år og deretter ei årleg avkortning.(Ordinære anlegg)

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



## Investeringsbehov:

- Kalkuler alltid med 10% i uforutsette utgifter
- Ikkje bruk ønskjetenking, men reelle tall
- Hent inn tilbod frå fleire leverandørar.
  - Billegaste er ikkje alltid best
  - Bruk fagkompetanse på å vurdere tilbod
- Mellomfinansiering.
  - Spelemidlar kjem kanskje først om nokre år (etterslep)
  - Sjekk med kommune/fylke når spelemidlar kan komme
  - Forskotterer kommunen spelemidlar?

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



## Opptak av lån

- Sjekk med kommunen om dei kan garantere for lån.
  - Gjev mulegheiter for lån i Kommunalbanken til svært låg rente.
  - Mange kommunar gjev no lånegaranti.
- Mange bankar er tilbakehaldne med lån til idrettslag.
  - Idrettslag har ikkje tilstrekkeleg med sikkerheit og dette gjev ofte dyre lån.

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



## Dugnad

- Det stillast strenge krav til dokumentasjon av dugnadsverdi.
  - Det held ikkje å ha dugnadslistar der x antall har utført x timer.
    - Eksempel: 500 dugnadstimar på å grave ei grøft som kanskje er gjort på 2 timer med gravemaskin.
- Få tilbydar til å spesifisere pris på det arbeid de tek ut til dugnadsarbeid.
- Det skal ikkje bereknast mva på dugnad.
- 5% av totalkostnadene kan førast opp som dugnad.
  - Dette er administrasjonskostnader for prosjektet.

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



## Dokumentasjon på finansiering.

- Eigne midlar.
  - Her kan sum balanse hos idrettslaget nyttast  
(Sum av alle grupper)
- Lån.
  - Dette må være konkret og ikke eit «banklån» med forutsetningar om at spelemidlar blir gjeve osv
- Mva kompensasjon kan ikkje nyttast som dokumentasjon.
- Tildeling frå stiftelsar.
  - Eks Gjensidigestiftelsen, Sparebankstiftinga
    - Søk i god tid, må vedlegge dokumentasjon

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



## Idrettslaget må gjere:

- **Vedtak om bygging av anlegg**
  - Skal leggjast ved spelemiddelsøknad
- **Vedtak om finansiering**
  - Låneopptak
  - Bruk av eigne midlar
- **Vedtak om driftsmodell**
  - Korleis skal finans- og driftskostnader dekkast inn
- **Skape entusiasme for prosjektet både internt og eksternt.**

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



## Målsette teikningar

- **Lag teikningar over anlegget som dokumenterer at anlegget er i tråd med idrettsfunksjonelle krav**
  - Krav om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er teke vekk
  - Idretts/speleflate, banebreidde, sikkerheitssonar, garderobestørrelse osv
- **Planteikningar med fri lengde, breidde og høgde**
- **Søk gjerne råd hos særforbund**
- **Teikningar skal leggjast ved spelemiddelsøknad**

# Før spelemedlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



## Budsjett.

Set opp eit kostnadsoverslag, nedanfor er eit eksempel.

Her er det sett inn både uforutsette kostnader 10% og adm 5%.

Sendast også inn saman med spelemiddelsøknad

### KOSTNADSOVERSLAG

| Kostnadstype               | Material        | Arbeid          |                | Sum kjøp<br>D=A+B | Sum mva.<br>E=Dx0,25 | Samlet kostnad<br>(inkl. mva)<br>F=C+D+E |
|----------------------------|-----------------|-----------------|----------------|-------------------|----------------------|--|
|                            | Herav kjøp<br>A | Herav kjøp<br>B | Dugnad<br>C    |                   |                      |  |
| Tilbud                     |                 |                 |                |                   |                      |  |
| Firma X. Grunnarbeid       | 100 000         |                 |                | 100 000           | 25 000               | 125 000                                  |
| Firma Y. Installasjon      | 50 000          | 10 000          |                | 60 000            | 15 000               | 75 000                                   |
| Egen dugnad                |                 |                 | 100 000        |                   |                      | 100 000                                  |
| Uforutsette kostnader. 10% | 30 000          |                 |                | 30 000            | 7 500                | 37 500                                   |
| Adm. 5%                    |                 |                 | 16 875         |                   |                      | 16 875                                   |
| <b>Sum</b>                 | <b>180 000</b>  | <b>10 000</b>   | <b>116 875</b> | 190 000           | 47 500               | <b>354 375</b>                           |

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



- **Informer idrettsrådet om planene i god tid**
  - Sørg alltid for godt samspel med idrettsrådet.
- **Informer kommune i god tid**
  - Anlegget skal i dei fleste tilfelle inn i kommuneplan.
  - Alltid god bistand frå kommune når ein spør tidleg i prosessen.
- **Sjekk lovligheita til å bygge.**
  - Eiendomsrett.
  - Leigeavtaler- kan være ei utfordring.
    - Ofte må leigeavtaler tinglysast- tidkrevjande.
    - Med kommune kan ein inngå leigeavtale (minst 30 år)

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



- **Ta kontakt med idrettsavdelinga i fylkeskommunen**

- Sjekk om anlegget gjev spelemidlar og kor mykje
  - Her kan du også få tips som aukar størrelsen på spelemidlane

- **Universell utforming.**

- Være heilt bevisst på at dette bør gjerast nest muleg.  
For nokre anlegg et dette et krav og avslag på søknad kan bli resultatet.
  - I bestemmelsene står følgjande:  
«Anlegget skal være universelt utformet. Universell utforming betyr at anlegget er utformet på en slik måte at det kan brukes av alle mennesker, *i så stor utstrekning som mulig uten behov for tilpasning eller en spesiell utforming.*

For idrettsanlegg omfatter disse prinsippene alle som bruker anlegget, både idrettsutøvere, publikum, trenere, dommere og arrangementsteknisk personell.»

# Før spelemidlar og mva kompensasjon

Kva må gjerast før ein set spaden i jorda?



- **Vedlegg som må være med i spelemiddelsøknaden:**
  - Detaljert kostnadsoverslag
  - Finansieringsplan
  - Plan for drift av anlegget
  - Rett til bruk av grunn
- **Ikkje dokumentert finansiering eller rett til grunn er oftast årsak til at spelemiddelsøknad blir avvist**

# Spelemidlar og mva kompensasjon

## Under arbeid og etter ferdigstillelse



- **Opprett eigen regnskap/prosjekt konto der alle fakturaer førtast**
  - Lett å revidere og halde oversikt.
- **Ny spelemiddelsøknad må sendast inn kvart år inntil midlar vert tildelt**
  - Flinke kommuner passar ofte på og gir beskjed, men søker sitt ansvar
  - Gjentakande søknad
- **Ved endring av spelemiddelsatsar, blir gjeldende sats ved utbetalingstidspunkt benytta**

# Spelemidlar og mva kompensasjon

## Under arbeid og etter ferdigstillelse



- **Sluttrekneskap førast på eige skjema:**
  - [www.anleggsregisteret.no/](http://www.anleggsregisteret.no/)
- **Dugnadsbeløp må førast opp med samme beløp som i siste godkjente kostnadsoverslag**
- **Kommunen skal bekrefte at anlegget er fullført i samsvar med godkjent søknad, før sluttrekneskapet leggast fram for revisor**
- **Sluttutbetaling skjer på grunnlag av revisorkontrollert rekneskap**

# Spelemidlar og mva kompensasjon

## Under arbeid og etter ferdigstillelse



- **Søknad og info om mva kompensasjon på:**  
**[www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)**
  - Søknadsfrist er 1.mars.
- Eigen revisor kan nyttast for anlegg med spelemidlar under kr. 400.000. For anlegg med høgare beløp må kommunen sin revisor nyttast
- Revisorgodkjenning kan i enkelte kommunar ta lang tid
- Start med sluttrekneskap umiddelbart etter ferdigstilling
- Er ikkje sluttrekneskap godkjent før 1.mars, må ein vente eit heilt år på utbetaling av mva kompensasjon
  - Ettersending av dokumentasjon blir ikkje akseptert

## Del 2

### - godeidrettsanlegg.no

# www.godeidrettsanlegg.no

[www.godeidrettsanlegg.no](http://www.godeidrettsanlegg.no) er et samarbeidsprosjekt mellom:

- Senter for idrettsanlegg og teknologi på NTNU
  - Kulturdepartementet
  - Idretten
- 
- Kunnskapsbase som skal innehalde relevant informasjon for alle som planlegg, prosjekterer, byggjer eller driv idrettsanlegg

# Gode idrettsanlegg



Gode idrettsanlegg



Samarbeid mellom:

- Norges idrettsforbund
- Kulturdepartementet
- NTNU (SIAT)

Relevant informasjon for:  
planlegging/prosjektering,  
bygging og drift av anlegg

Nettportal:

- [www.godeidrettsanlegg.no](http://www.godeidrettsanlegg.no)

# Prosjektmodellen

